



Potetbilen er populær når den dukkar opp i Uskedalen (Foto: Thor Inge Døssland)

Om lag kvar tredje laurdag er potetbilen og Marie Korsvike eit godt innarbeidd innslag i bygdebildet i Uskedalen. Gjennom 16-17 år har det vore slik ved grana i sentrum. At dette er eit tilbod kvinnheringane set stor pris på, viser den store kundestraumen til potetbilen. Til tider kan det vera kødanning.

Marie Korsvik fortel at det var foreldra hennar som starta firmaet for 35 år sidan. Det er og dei som står som eigarar i dag, men Marie og to søsken er sterkt involvert i drifta av firmaet. Fitjarpotetene og potetfarten skulle vera velkjent nok frå tidlegare tider. Olav Korsvik starta og med salg av poteter, i tillegg til egg frå eige hønseri. Etter kvart har vareutvalet vorte utvida, og i dag har dei i tillegg til poteter og egg; eit rikt utval av grønsaker og frukt samt lynghonning.

Når kundane skal karakterisera varene deira, er eit ord dekkande: kvalitet! - Ho har alltid gode poteter, seier Peder Ljosnes, ein av stamkundane som er komen på plass i køen. – Du må skriva at dette er eit tilbod vi set stor pris på, kjem det samstemt frå dei andre kundane.

Lenge var Uskedalen einaste stoppestaden Korsvik hadde i Kvinnherad, men for 8 år sidan la dei Husnes inn i ruta. Dei siste 3 åra har og Rosendal og Halsnøy fått del i tilbodet. Likevel kjem det kundar frå store delar av kommunen til Uskedalen når Marie er på plass med varene sine. At dei kjem både frå både Mauranger, Matre, Omvikdalen og Sunde og vidare, har vi ofte lagt merke til.

Då vi spurde om ho var fornøgd med handelen i Uskedalen, fekk vi eit kontant JA til svar. Ho gav og klart uttrykk for at Uskedalen ville vera med på ruta til potetbilen framover. Det er vi glade for, for dette er eit positivt element i bygda vår som vi må støtta godt opp om.

Av Thor Inge Døssland